

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Folkelege musikkinstrument

Bygdelag: Gure bygda

Oppskr. av: Jørgen Skjaveland

Gard:

(adresse): Vikera

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Noko etter Georg Tuglestad og Ane Tuglestad

SVAR

I Fela

1. Fela har vore lenge kjend i bygda. Dei guse delene heiter botnen, loket, ^(=logje) halsen og bogen (uttala: boijen)

2. Flattfela er gamal i bygda. Nokre få spelmanusetter på Tuglestad, Espeland og Austrindal. I pietist-tida vart fela for-dømd og kringd bort, sidan har trekkspilet mange stader teke plassen.

3. Ivar Espeland og andre av hans ætt arbeidde seg fela. Likeins Anders Bjerkreim som no er død.

5. Botnen laga dei av bjørk, loket av furu, bogen av hegg og tagl (=hestehale), stren-gene kjøpte dei.

9. Fela vart brukt til spela med i julelag, dans og brudlaup.

10. Kring år 1900 vart haringfela kjend og ho delvis fortrengde flattfela.

11. Haringfela vart fint utskoren med inn-lagd skjellpadde-skal.

12. Då pietismen kom til bygda kom den trua opp at den vande heldt til i fela

Difor var det ^{fleire} ~~mange~~ som slo sünd fela si.

13. Den beste felespelaren i bygda ~~er~~ var
Anleg Klauis Vikeså (). Han
lærde spela slittar av nokre Vardals-
fantar som gjekk gjennom bygda. Han
kunne spela halling med' dei danste og
samstundes fortelja soger til folk. Men
han slo sünd fela då han vart pietist.
Lor hans fekk ikkje lov å spela, men
sønesønene hans tok opp att den gamle
arven (Fjöglestad-etta) Den beste fele-
spelaren i bygda no er Svein Eikeland
(av Lustrådal-etta).

VII. Salmodikon.

1. Dei gamle skulemistrane brukte salmo-
dikon i skuleane.

2. No er salmodikon gått or bruk og
forhengd av fele og orgel.

3. Salmodikon hadde berre ein streng.
Under strengen la dei noter med tal
som synte kor dei skulle trykkja ned
strengen for kvar tone.

4. Fjola under var vanleg 60-70 cm. lang
10 cm. breid 3-4 cm tjukk.

IX Lurar vart nytta i gamle dagar
til gjøating (vanleg retke).

X. Horn til blåsa i kalte dei "lühodn"
(Eit lühodn- lühodnæ.)

Byinstrüment.


No byinstrüment kjenner me til
at det har vore klarinett i bygda,
meir veit me ikkje.

Larmeinstrument

Kyr og sauer hadde bjøller og har det enno for det er lettare å finna dei att.

Hestane hadde dombjøller når dei kjørde med slede. Det er meir og meir avlagd.

Fløyte av rainebark (kalktest fløydre, ei fløydra) laga dei såleis:



Halmpiper laga dei av halmskå ~~skå~~



ei luka med sigden inntil knuten og hadde kvisten og luka i munn og blæs.

Blæs me i desse kjem det regn, likeins dersom me blæs i strå og i doveblom. Blæs me gjennom ein doveblom får me fram ein veig kvass tone.

Det er svært lite me kan gje greie for om musikkinstrument. Med hjelp frå ^{dei} beste spelere og ei 80 år gamal kone, Ane Tuglestad, i ei gamal spelermanns att, hev eg feige desse få opplysningane.

Tillegg til nr. 6.

Folkelige musikkinstrument


av Jørgen Skjaveland

Vikerså, Rogaland

X. Prillarhorn.

a. Me kallar prillarhorn lühodur.

No har eg fått greie på koss dei arbeidde desse, og med teikningar skal eg prøve forklara det.

Dei brukte alltid venstre horn for då snudde "kryllen" opp. Dei sagte av spissen av eit bukkehorn:  så dei kom ned i det høle



romet inni, sett ovenfra vert det slik:




Under flata skar dei eit hakk i hornet. Så laga dei ei tunna

tunga av tre, alltid av einer (brake),

med hakk i. Sett ovenfra var ho

slik:  og frå sida slik 

Ho måtte kje vera for tunn, for då bøygde ho seg, heller ikkje for tjukk for då greidde ho ikkje skjelva (gje lyd), kring 2 mm.

var vel tjukklikein. Denne tunnga batt dei så fast med hakka oppå den avsakte flata på hornet, ho låg kje  hilt nedåt framme. Når ~~dei~~

dei så heldt dette i munnem og bles kraftig, kom tunnga i skjoving og det kom fram ein sterk lyd. På små geitehorn likna lyden på lyden frå noverande "marknadsblåser". På store bukkehorn borde dei 3 holer oppå det som snudde

opp, Iod holene rett kunne dei få fram
dei tri naturtonane (g, e, g) Desse horna
hadde ein djupare tone, og så sterk var
lyden at det song i fjella.

2018

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING